

Alle døde små dyr

Ein dag vi kjeda oss, fann Ester ei død humle.

«Endeleg skjer det noko!» sa ho.

Ester var alltid veldig modig. «Hald henne», sa ho. «Humler kan stikke», sa eg. «Ho er jo død, for svingande!» sa ho.

Ester fekk ein idé. «Heile verda er full av døde,» sa ho.
«Nokon må ofre seg og gravleggje alle desse døde.»

«Kven?» spurde eg.

«Vi,» sa Ester.

Vi leita i buskar og kratt, under trea og på jorda. Dessverre fann vi ikkje så mange døde som vi hadde håpa på.

Til slutt fann vi ei død spissmus. «Sånn ja,» sa Ester. «No har vi jobb.»

Vi gravla spissmusa. Vi var snille som tok oss av dei døde dyra. Vi var nok dei snillaste i verda.



Oppgåver:

Sjå Elevbok 4B side 133.

Gjer oppgåvene 2, 3 og 4.